

7.

Paa grendsa eg staar

Tone: Far verden, farvel

1) Paa grendsa eg staar  
av eit aar so kjeme aa eit aar so gaar  
no alskyns meg sviver i sinn aa i haatt  
det myldrar av vont, men so lite av godt  
eg minnest attende, aa tenkjer på fram  
:/:paa æra aa skam:/:

2) Kva er det no daa  
ein røyne aa frette aa jamleg faar sjaa  
so mange so songrar so mysjer aa gret  
aa yver ei styрна so ynkjeleg let  
me kunne no vona eit hjarteleg sut  
:/:naar taarur kjem ut:/:

3) Men røynar me ut  
Dei flokkar so visar slik songring aa sut  
Lev med dei i grannlag so faar du vel sjaa  
Kor intim dei er baa' i elsking aa raa'  
so tørt aa so magert aa isande kalt  
:/:er læta aa alt:/:

4) Men lat os no sjaa  
naar gylling aa krote aa fernis fær taa  
naar alt sore utanpaa kram felle burt  
aa noko skal gjerast daa rekk ein 'kje stort  
den brennande elskjen, alt utanfraa rart  
:/: da folna so snart:/:

5) Eg tenkjer me har  
i aar so ifjor havt ein truverdug far  
kor hev han 'kje signa i gjerdsla aa ord  
kor hev han 'kje fremja al vokster paa jord  
kor hev han 'kje hjelpt, aa kor hev han 'kje gledt  
:/:aa metta aa klædt:/:

6) Eg tenkte so eg  
me alle skull færdast ein ljosare veg  
faa hat til al galskap til krigar aa storm  
so øydar paa trevna aa bitar so arm  
ein trøytmar av live, ein ynskjer seg ro  
:/: ei kvilestund go:/:

7) Sjaa aari dei gjeng  
aa røynsla skull gjera aa sjaa kva ein treng  
aa elska dei ting so gjev signing aa dug  
aa bitt os i hop aa so aukar vor hug  
til alt det so hyggjar aa tryggjar vor færd  
:/:for Gud heve værd:/:

8) Det viser seg so  
at hugen til verdi som torva vil gro  
ein rotar i mold, ein ser ikkje upp  
ein heve si gleda i gras-straa aa knupp  
i mat aa i drykk aa i vara aa peng  
:/:all livsgleda heng:/:

9) Fraa sovore kav  
ein kjem ikkje fraa fyr dei grev os ei grav  
aa moldi ho gjøma vort tilvære her  
just daa er det slutt med all sut aa besvær  
kan hende ein saknast, de' undarlegt daa  
:/:daa ein fell ifraa:/:

10) So hjelp os daa Gud  
aa løysa vort hjarta fraa soveri sut  
som fengslar, forvorrar aa saarar din and  
forhindra det Gud, med di signade hand  
aa daa naar i dødsmyrkje livssoli renn  
:/:du lyse oss heim:/: